



28. SEP. 2004

Saksnr. 04/1847-16/
Arkivnr.

Saksnr.: Utvalg
0048/04 Kommunestyret

Møtedato
09.09.2004

SÆRUTSKRIFT

HØYRING PÅ SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTREIING - NOU 2004:12

Saksbeh.: Eli Marit Fuglesteg
Arkivsaksnr.: 04/00501

Arkiv: 203

Vedlegg til saka:

Ingen

Skriv i saka, ikkje vedlagt:

Skriv frå KS og NKK.

Artiklar i Kommunal økonomi nr 6/2004 og 7/2004.

Artiklar i Skattebladet nr 4/2004.

Bakgrunn:

Den 26. mai 2003 sette Finansdepartementet ned eit utval, det såkalla Skatteoppkrevjarutvalet.

Utvalet bestod av sju medlemmer. Deira mandat var:

- Skildre behovet for forbetringar/endringar innafor dei tre hovudfunksjonane som inngår i den lokale skatteoppkrevjarfunksjonen; arbeidsgjevarkontroll, innkrevjing av skatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift i tillegg til føring av skatterekneskapen.
- Vurdere forbetringstiltak innanfor den kommunale skatteoppkrevjinga
- Vurdere forbetringstiltak innanfor den statlege skatteoppkrevjinga
- Gjera reide for dei økonomiske konsekvensane av dei tiltaka som blir vurderte
- Fremje konkrete tilrådingar til tiltak som kan føre til forbetring av skatteoppkrevjarfunksjonen i prioritert rekkjefylgje.

Utvalet skulle ikkje:

- Omfatte overføring av statlege oppgåver til kommunane.
- Det var berre tillate å gjera framlegg om overføring av kommunale oppgåver til staten.

Den 12. mai 2004 la Skatteoppkrevjarutvalet fram si utgreiing – NOU 2004:12 – om den framtidige organiseringa av skatteoppkrevjinga i Noreg. Fleirtalet i utvalet gikk inn for at skatteoppkrevjinga skal bli gjort til ei statleg oppgåve. Mindretalet i utvalet gikk inn for at skatteoppkrevjinga framleis skal vera ei kommunal oppgåve. Utgreiinga frå skatteoppkrevjarutvalet kjem også med framlegg til 15 forbetringstiltak i skatteoppkrevjingsarbeidet uavhengig av organisasjonsstruktur. Desse var det semje om i utvalet.

Utgreiinga frå Skatteoppkrevjarutvalet er ute på høyring i kommunane med høyringsfrist den 1. oktober 2004.

Saksutgreiing:

Fleirtalet i Skatteoppkrevjarutvalet si innstilling til organiseringa av skatteoppkrevjinga byggjer på analysar bestilt av Skattedirektoratet. Fleirtalet meinte at oppgåva skatteoppkrevjing i sin art er typisk statleg og at statleggjing ville gje større fagmiljø og betre ressursutnytting i tillegg til betre resultat. Dei meinte også at ei statleggjing av skatteoppkrevjinga ville leggje til rette for ei meir brukarorientert innretting av heile skatteforvaltninga. Skattedirektør Bjarne Hope og hans medarbeidarar i Skattedirektoratet argumenterer i Skattebladet (internt informasjonsblad i skatteetaten) og Kommunal Økonomi (fagblad utgjeve av NKK) sterkt for statleggjing av skatteoppkrevjinga. Argumentasjonen deira er knytte til desse momenta:

- Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil gje høve til å samordne innkrevjinga av skatt og meirverdiavgift. Innkrevjing er eit fagområde som har det same regelverket uavhengig av skatte- og avgiftsart. Dette kan ein utnytte for å gjera innkrevjinga meir effektiv både for staten og skattytarane.
- Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil leggje til rette for oppretting av større fagmiljø. Større fagmiljø vil også hindre usakleg forskjellsbehandling av skattyttarar rundt om i landet.
- Skatteoppkrevjinga er ei svært regelstyrt oppgåve som ikkje eignar seg som ei kommunal sjølvstyrt oppgåve.
- I tillegg til betre system og verktøy er det naudsynt å velje ei framtidretta og heilskapleg organisasjonsløyning for å møte dei krav og forventningar som blir stilt til service, effektivitet og kvalitet i offentleg sektor i dag og i åra framover. Dette krev gode og profesjonelle fagmiljø og god kontakt mellom dei som krev inn og dei som fastset krava.
- Skatteetaten må vera organisert slik at det er lett for skattebetalarar og arbeidsgjevarar å vite kvar dei skal rette seg for å få svar i ulike spørsmål om skatt og betaling. "Det skal vera enkelt å handle rett", difor må det vera lett å forhalde seg til skatteetaten.
- Samlokaliseringa av likningskontora har vist at slik organisering gjev betre fagmiljø.
- Innkrevjingskompetansen i kommunane blir for liten når mange kommunar konkurransetset store deler av den kommunale innkrevjinga si.

Dei to representantane i Skatteoppkrevjarutvalet som gikk i mot statleggjing av skatteoppkrevjinga i Noreg er baa frå kommunesektoren, den eine representant frå KS (Kommunenenes Sentralforbund), den andre frå NKK (Norsk Kemner og kommunekassererlag). Etter at utgreiinga vart lagt fram har KS og NKK gått ut med kraftig oppmoding til kommunane om å kjempe for å behalde skatteoppkrevjinga som kommunal oppgåve. Dette er begrunna med at fleirtalet i Skatteoppkrevjarutvalet har lagt vekt på feil opplysningar i analysane fram til utgreiinga. Sjølve analysen som ligg til grunn for utgreiinga er også under kritikk jfr Kommunal Økonomi 7/2004. KS hevdar at statleggjing av skatteoppkrevjinga korkje er eit forbetringstiltak eller eit moderniseringstiltak. Dei legg fram desse momenta som argument for framleis kommunal skatteoppkrevjing:

- Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarar å få inn mellom 99 og 100 % av all utlikna skatt. Dette er skatteoppkrevjing i verdstoppen. Den statlege oppkrevjinga kan ikkje vise til slike resultat. Dessutan har små skatteoppkrevjarkontor like gode resultat som store. Dette skuldast at skatteoppkrevjing i stor grad dreier seg om kommunikasjon mellom

skatteoppkrevjar og skattytar. Det vil såleis ikkje vera noko å tene på statleggjing av skatteoppkrevjinga.

- Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora utøver god brukarservice. Ei landsomfattande undersøkning gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora skårar vesentleg betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjenge, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutsigbarheit i saksbehandlinga.
- Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga medfører god rettstryggleik for skattytarane m a ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom fastsetjinga av skatten (likning) på den eine sida og innkrevjinga av skatten på den andre. Avstand mellom fastsetjing og innkrevjing av skatt er slege fast som eit grunnleggjande prinsipp i tidlegare utgreiingar og Stortingsbehandlingar av skatteoppkrevjinga. Statlege likningskontor og kommunale skatteoppkrevjarkontor, slik det er i dag, gjev den beste garantien for rettstryggleiken.
- Kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga medfører effektiv drift og ressursbruk ved at skatteoppkrevjinga blir gjennomført i det same miljøet som krev inn dei kommunale avgiftene og annan kommunal innkrevjing. På den måten er det råd å oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø også i dei små kommunane.
- Kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga er med på å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyret. Dersom skatteoppkrevjinga blir overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunane med det fell bort, vil kommunane sine framtidige høve til å kunne påverke sitt inntektsfundament og framtidige inntektsreformar bli vanskeleggjort.

KS meiner også at desse argumenta tilseier at ei eventuell statleggjing av skatteoppkrevjinga har negative fylgjer ikkje berre for kommunal sektor, men på nasjonalt nivå:

- Eventuell statleggjing av skatteoppkrevjinga vil medføre sentralisering og dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa.
- Statleggjing og sentralisering vil redusere høvet til folkevalt innsyn i skatteoppkrevjinga
- Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil, slik framlegget til organisering ligg føre i dag, bli oppfatta som auka stigmatisering av brukarane av di frivillig betaling og tvangsinnkrevjing vil bli åtskilde og plasserte i ulike organisasjonar. Skriv frå tvangsinnkrevjingsdelen i skatteetaten vil verke stigmatiserande for adressaten og gjera god kommunikasjon vanskeleg.
- Statleggjing av skatteoppkrevjinga vil medføre store overgangskostnader. Det skal bli etablert nye kontor med dei etablerings-, drifts- og planleggjingskostnadene det medfører. Innsparingane på kommunal side ved å fjerne nokre få tilsette i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap med resten av den kommunale administrasjonen vil bli minimale. Tilsetjing, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevjarar vil medføre ei betydeleg utfordring. Oppsummert vil statleggjing av skatteoppkrevjinga kunne medføre tap av skatteinntekter i ein periode som vil strekkje seg over ein periode

over fleire år. Ein reduksjon i skatteinntektene på berre ½ % årleg vil medføre eit tap på meir enn 5 milliardar kroner i løpet av ein tre års periode.

- Eventuell statleggjing vil etter sikker praksis medføre at tilskotet til kommunane blir redusert minst like mykje som kommunane sine kostnader til innkrevjinga.

KS framhevar til slutt med feit skrift at:

Kvaliteten og effektiviteten i den norske skatteinnkrevjinga er god. Det er imidlertid meir å gå på. Skatteoppkrevjarutvalet legg fram 15 framlegg til ytterlegare forbetring av skatteoppkrevjinga. KS meiner at alle desse forbetringane kan bli gjort innanfor ramma av framleis kommunal organisering.

Frå NKK blir det opplyst at fleirtalet i Skatteoppkrevjarutvalet går inn for å overføre 60 – 70 % av dagens skatteoppkrevjaroppgåver til likningskontora. Det vil seia alt utanom tvangsinnkrevjinga. Tvangsinnkrevjinga skal etter planen bli utført av statlege tvangsinnkrevjingskontor. Det er høgst usikkert kor mange slike det vil bli, men truleg ein stad mellom 6 og 100. Dette vil få dramatiske konsekvensar for dei som arbeider med dette i dag.

Vurdering:

Til grunn for dagens organisering av utlikning og innkrevjing av skatt har vore prinsippet om at dette skulle bli utført av to uavhengige organ. Dette for å sikre rettstryggleiken til skattytar. Dagens ordning kom på plass i tida 1957 – 1965. Då vart det slik at likninga vart utført av statlege likningskontor medan innkrevjing og kontroll vart utført av kommunale skatteoppkrevjarar. Dette er organisert slik at Skattedirektoratet er øvste organ for baa. Som mellomledd har likningskontora det statlege fylkesskattekontoret medan skatteoppkrevjaren har den statlege skattefogden. Baa held til i kvart fylke. Fram til 2003 var det likningskontor i kvar kommune, men etter den tid vart det oppretta regionkontor. Nokre stader har likningskontora sørviskontor ute i kommunane, som t d i Vang. I Valdres er no likningskontoret på Leira. Alle kommunar har i dag ein kommunal skatteoppkrevjar. I Valdres er det berre Nord-Aurdal som har meir enn ei stilling på skatteoppkrevjarfunksjonen.

Skatteoppkrevjingsfunksjonen i Vestre Slidre kommune utgjør ei 100 % stilling fordelt på to personar. Gry Langedrag Engelsen har i dag 90 % stilling som utførande skatteoppkrevjar, medan Eli Marit Fuglesteg har det formelle ansvaret som skatteoppkrevjar. Ca 10 % av hennar arbeidstid går med til dette arbeidet. I Vestre Slidre kommune har me lenge hatt svært gode innkrevjings-resultat på skatteområdet, faktisk det beste i Oppland. Oppland er blant dei beste i landet. Det er slett ikkje slik at alle i Vestre Slidre betaler sin skatt med glede, men kjensla av plikt tykkjest så absolutt å vera til stades her. Vestre Slidre er ein liten kommune der alle innbyggjarane er svært "nær" til kommunen. Me er overtydde om at dei gode resultata i all hovudsak skuldast nærleiken til skattytarane. I tillegg har me i alle år hatt svært dyktige folk til å stå for innkrevjingsarbeidet og skape ein "goodwill" for å betale skatten sin. Eit stort statleg innkrevjingsorgan vil aldri bli i stand til å skape ein slik nærleik.

Samarbeidet mellom skatteoppkrevjarane i Valdres er godt. Argumentet med at det trengst større fagmiljø for å få utført arbeidet tilfredsstillande er forståeleg, men ikkje avgjerande for å få utført godt arbeid. Dei fleste spørsmål kan bli avklara ved ein telefon til kollegaen i nabokommunen. NKK har fleire årlege møte der skatteoppkrevjarane kan møtast rundt

faglege tema. I tillegg har både NKK med mange fleire kurs og møte som skatteoppkrevjarane er svært flittige til å delta på. Høve til fagleg oppdatering på området er gode.

Skatten er i dag den største frie inntekta til kommunen. Skatteinntektene kjem inn til kommunen kvar månad, og pr i dag får kommunen behalde ca 35 % av dei månadlege skatteinntektene. Dette er eit betydeleg tilskot til kommunen sin løpande likviditet, dvs dei pengane me må ha for å betale alle løpande utgifter. Det er ikkje utgreidd korleis utbetaling av kommunane sin del av skatten vil bli betalt ved ei eventuelle statleggjering. I det heile er dei økonomiske konsekvensane av ei statleggjering for dårleg utgreidd. Inntil ei slik utgreiing ligg føre, er det vanskeleg å gå inn for ei statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Administrasjonen i Vestre Slidre kommune er samde med NKK og KS sine vurderingar om at skatteoppkrevjinga framleis skal vera ein kommunal oppgåve. Haldninga til Skattedirektoratet om at "skatteoppkrevjinga er ei svært regelstyrt oppgåve som ikkje eignar seg som ei kommunal sjølvstyrt oppgåve" kjennest arrogant og sårande for dei som utfører dette arbeidet i dag. Særleg med tanke på at målet blir nådd, skatten blir innbetalt. Administrasjonen vil difor rå til at kommunestyret går inn for framleis kommunal skatteoppkrevjing.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vestre Slidre kommune går inn for at skatteoppkrevjinga framleis skal vera ei kommunal oppgåve. Det er framleis fullt høve til gjennomføre dei 15 forbetringpunkta til skatteoppkrevjinga som går fram av NOU 2004:12 med ei slik organisering.

Vedtak i Kommunestyret den 09.09.2004 sak 0048/04

Som forslaget. Samrøystes.

Melding sendt:

- formannskapskontoret
- kommunekassa
- kommunerevisjonen
- Finansdepartementet

*Rett utskrift
Slidre 17/9-2004*



**VESTRE SLIDRE
KOMMUNEKASSE
2966 SLIDRE**

Eli Marit Fogelsteg